

## INFO TIL LÆRAR (VÅR – HAUST)

### **Oppmøte:**

Oppmøte for alle elevar kl.12.00. Dersom dette ikkje er mogleg må dykk kontakte leirskulen i forkant. NB! Tunnelarbeid FV. 698, Blaksettunnelen. Sjekk vegmeldingar på vegvesen.no

### **Foto:**

Foto Norden kontaktar skulane i forkant av leiren for å få elevlister. På leirskulen får lærarane kamera som dei kan nytte til å ta bilete under opphaldet. I etterkant av opphaldet sender leirskulen inn bileta som Foto Norden sett saman til ei leirskulebok. Denne kan elevane kjøpe i etterkant om dei ynskjer. Dei som ikkje vil bli teke bilete av må oppgi dette på samtykkeskjemaet før leiropphaldet.

### **Internett:**

Det er ikkje internett på leirskulen.

### **Underholdning:**

Siste kvelden på leirskulen blir det underholdningsbidrag frå leirskulelærar. Det er alltid kjekt om elevane bidreg med nokre innslag her også. Dette kan dykk snakke om i forkant og eventuelt førebu innslag/leik. Nokre skular legg dette inn i undervisninga.

### **Kjøkkenteneste:**

Elevane skal få hjelpe til å setje fram frukost og kveldsmat og rydde av/vaske opp etter måltidet. Dei resterande måltida blir organisert av leirskulen.

### **Dusj/toalett:**

I hovudhuset er det store garderobar som alle kan nytte til dusjing, morgen/ kveldsstell og toalettbesøk, også dei som bur i Annekset og Hytta. I tillegg er det eige toalett og dusj i dei to andre bygga.

### **Reinhald:**

Leirskulen vaskar fellesareal og bad midt i opphaldet. Utover dette er det elevane sjølv som har ansvar for at det er ryddig og fint på dei bygga som blir brukt.

Tørking: Tørkerom til kle og sko er i kjellaren i hovudhuset. I tillegg kan det vere mogleg å tørke noko i dei andre bygga.

### **Hoppbakke:**

Det ligg eit stort hoppanlegg rett bak leirskulen. Dette bruker vi i programmet vårt, men det er ikkje lov til å leike i utan at dette er avtalt med leirskulelærarane.

### **Kart/kompass:**

På «survive»-dagen (torsdag) skal elevane lære å bruke kart og kompass for å finne postar i området rundt leirskulen. Det blir ein gjennomgang av dette på leirskulen, men det kan vere lurt å ha ei økt med kart og kompass før opphaldet. Vi lærer elevane å rekne avstand, ta ut kompasskurs og lese kart.

**Kiosk:**

Elevane må ha med kontantar. (Sjokolade kr. 25,- / brus kr. 30,- / chips kr. 30,-)

**Allergi:**

Det er viktig at skulane gir beskjed i god tid før opphaldet om det er allergiar slik at vi får tilpassa dette. Vi ordnar alt av allergiutfordringar dersom vi får beskjed i god tid.

**Diverse:**

Siste natta kan elevane velje om dei vil overnatte ute i gapahauk. Dersom dei skal overnatte i gapahuken, må dei ha med seg eigen lærar. Leirskulelærarane har ikkje anledning til å sove utandørs saman med elevane.